



Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Dato: 16.10.2014  
Vår ref.: 2014/14001-21  
Saksbehandlar: ingskei  
Dykkar ref.:

## Statsbudsjettet 2015 - Beregningsteknisk dokumentasjon (Grønt hefte)

Hordland fylkeskommune viser til tidlegare merknader til kriteriedata slik dei kom fram i Kommuneproposisjonen (prop.95 S (2013-2014)), jf. vårt brev til departementet av 21. august 2014.

Fylkesrådmannen i Hordaland arbeider no med budsjettet for fylkeskommunen for 2015. Gjennomgang av regjeringsa sitt forslag til statsbudsjett for 2015 er ein viktig del av dette arbeidet. Ved gjennomgangen av Beregningsteknisk dokumentasjon (Grønt hefte) stussar fylkesrådmannen over nokre utslag i det nye inntektssystemet. Dette er kommentert nærmere nedanfor.

I den nye kostnadsnøkkelen for buss og bane har ein brukt innbyggjarar per kilometer offentleg veg for å fange opp høg befolkningskonsentrasjon.

Når «Innbyggjarar per km offentleg veg» skal gjerast om til ein indeks, ser ikkje fylkesrådmannen den logiske samanhengen. Ein kan ikkje sjå at det gjev mening å dele dette kriteriet på andel innbyggjarar. Resultatet av dette reknestykket vert det motsette av kva ein skulle forventa. Fylkeskommunar som har lågt tal innbyggjarar får ein høgare indeks, og dei mest folkerike fylkeskommunane får ein lågare indeks enn folketettleiken skulle tilseia.

Det urimelege resultatet ser ein ved å studere data frå Grønt hefte.

Fylke	Innbyggjarar	Indeks	Indeks
	per km offentleg veg, skalert	innbyggjarar per km off veg, skalert	Borge Innbyggjartal per 1.7.14
(ut over 17)			
01 Østfold	59,8	1,0012	286 127 0,6898
02 Akershus	105,8	0,8730	581 198 1,2187
03 Oslo	465,8	3,4884	640 253 4,3001
04 Hedmark	12,5	0,3081	194 730 0,1495
05 Oppland	16,4	0,4177	188 386 0,1840
06 Buskerud	49,4	0,8644	273 902 0,5634
07 Vestfold	72,2	1,4316	241 945 0,8278
08 Telemark	24,6	0,6861	171 888 0,2874
09 Aust-Agder	21,1	0,8857	114 322 0,2414

10 Vest-Agder	28,1	0,7481	179 847	0,3219
11 Rogaland	57,5	0,5951	463 088	0,6554
12 Hordaland	57,7	0,5452	507 543	0,6669
14 Sogn og Fjordane	3,4	0,1474	108 980	0,0345
15 Møre og Romsdal	23,3	0,4259	262 762	0,2644
16 Sør-Trøndelag	41,4	0,6461	307 472	0,4714
17 Nord-Trøndelag	8,4	0,2969	135 393	0,0920
18 Nordland	10,1	0,2012	241 407	0,1150
19 Troms	13,1	0,3852	162 950	0,1495
20 Finnmark	0,9	0,0572	75 470	0,0115
<b>Heile landet</b>	<b>1 071,6</b>	<b>1,0000</b>	<b>5 137 663</b>	<b>1,0000</b>

Problemet er at fylkesrådmannen ikkje kan sjå nokon logisk samanheng mellom kolonne 1 og 2 (Innb. per km offentleg veg og Indeks).

Akershus har langt høgare folketettleik (Innbyggjarar/veg) enn Østfold, men får lågare indeks. Rogaland og Hordaland har om lag same folketettleik. Men sidan Hordaland har fleire innbyggjarar, får Hordaland lågare indeks. Buskerud og Sør-Trøndelag har noko lågare folketettleik enn Rogaland og Hordaland, men sidan dei også har lågare folketetal kjem dei vesentleg betre ut på indeksen.

Fylkesrådmannen meiner dette utslaget ikkje kan verta ståande og må rettast opp straks – og før Stortinget gjer vedtak om statsbudsjettet for 2015. Ei nærliggjande løysing kan vera å følgja Borge-utvalet sitt forslag, å ganga (vekte) forholdet mellom innbyggjarar og km veg med folketetal (jf. kolonne 4 i tabellen ovanfor). Dette gjev ein indeks som samsvarer med det som var utgangspunktet: Innbyggjarar per km offentleg veg.

Fylkesrådmannen har elles merka seg det som er nemnt i budsjettproposisjonen om at departementet vil gjennomgå delkostnadsnøkkelen for kollektive ruter fram til kommuneopposisjonen for 2016.

Fylkesrådmannen ser positivt på dette, men meiner at dei urimelege utsлага det er peika på ovanfor ikkje kan venta på dette arbeidet, men må rettast opp straks.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen  
fylkesdirektør økonomi

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*